



Notat

Dato: 18.02.2019
Arkivsak: 2014/560-397
Saksbehandlar: sillyng

Til: Ungdommens fylkesutval

Frå: Silje Lyngstad

Evaluering etter Ungdommens fylkesting 2019

Etter at Ungdommens fylkesting 2019 formelt blei avslutta 17.02.2019, hadde det gamle UFU og det nye UFU ei evaluering av fylkestinget for å sjå kva som var bra og kva som kunne vore gjort betre.

Kva som var bra:

- Det var brei einigheit om at hotellromma var bra, og at det var betre enn det var under Nettverkssamlinga i November 2018.
- Mye bra sosialt, og det var ein suksess at det var fordelt ansvarsområde på det sosiale også på dagtid.
- Alle hadde fokus på inkludering slik at alle som deltok på fylkestinget følte seg velkommen og ivaretekne av UFU under samlinga.

Kva kan forbetrastrast:

- Det var til tider därleg kommunikasjon mellom UFU og dei øvrige komiteane. Det vert særleg trekt fram at kommunikasjon til ordstyrarbordet burde vore betre.
- Ein bør finne ei løysing for å halde orden på alle skjema, feks. valskjema og forslagsark.
- Formidling av informasjon til alle på tinget, ikkje bare mellom kvarandre.
- Bør vere meir ryddig og organisert kva som skal skje. Det var litt for lite forutsigbarheit for deltakarane og UFU sjølv.
- Vere betre på å gje informasjon under vegs.

I lys av kva som kan forbetrastrast vil ein påpeika følgjande:

Etterkvart som ein innsåg problem eller behov for andre løysinga, så oppretta ein digitale og litt impulsive løysinga som ein ikkje nådde ut med. Mellom anna vart det laga digitale redaksjonsløysinga for redaksjonskomiteen, instagramstories for oppdateringar til deltakarane, instagram til oppdatering av program osv. Fleire av desse løysingane er isolert sett veldig moderne og nyttig viss dei hadde vore kommunisert ut og innarbeide på ein anna måte.

Nye UFU bør ha dette i tankane når neste arrangement står for tur, og at ein da jobbar med enklare teknologiske løysingar frå starten av.